

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|-----------------|-------------|----------|
| Kontrollutvalet | | |

Selskapskontroll av Ferde AS - Timeforbruk

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune godkjenner ein auke på 179,2 timer for gjennomføring av selskapskontroll av Ferde AS slik at den totale andel Vestland fylkeskommune skal dekke blir på 387,2 timer.

Samandrag

Det har vist seg at Deloitte har møtt på fleire utfordringar undervegs i denne selskapskontrollen enn det som er vanleg ved gjennomføring av slike prosjekt. Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til notat frå Deloitte, der dei på bakgrunn av dette ber om å få godkjent fleire timer.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådjear

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg
1 Notat

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvala i Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune bestilte i møte 02.09.2019 ein felles selskapskontroll av Ferde AS. Revisjonsrapport vart handsama i fylkestinget i Vestland fylkeskommune 03.03.20 der det vart gjort slikt vedtak:

*«På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant bidra til at **eigarane** syter for å:*

1. *Innføre tiltak for å sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eigarmøte*
2. *Etablere ein felles eigarstrategi for Ferde AS*
3. *Etablere ei rutine for jamlege eigarmøte*
4. *Følgje systematisk opp eigarrapporteringa frå selskapet (dette kan ev. gjerast i eigarmøta)*
5. *Fylkestinget ber også om at eigarane lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

*På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget eigarrepresentanten i Vestland fylkeskommune bidra til å be **styret** syta for at selskapet:*

1. *Fullfører arbeidet med å utarbeide nye arbeidsavtalar for alle tilsette*
2. *Utarbeider rutinar for bruk av bierverv og for å dokumentere godkjenning av bierverv*
3. *Retter opp i dei identifiserte manglane i personvernerklæringa*
4. *Sikrer at protokollen over behandlingar av personopplysningar blir haldt á jour og er komplett*
5. *Gjennomfører tilstrekkelege risikovurderingar for behandling av personopplysningar, sikre at desse blir gjennomført før behandlinga finn stad, og at dei femner om alle relevante risikoar*
6. *Etablerer tilstrekkeleg økonomisk internkontroll, mellom anna:*
 - a) *Fullfører revideringa av fullmaktsmatrisa, og sikre at denne er eintydig, utfyllande og i samsvar med andre rutinar og retningslinjer, samt inkluderer kjøp under kr. 100 000*
 - b) *Halde fram med det pågående forbetningsarbeidet knytt til styring og kontroll på økonomiområde, inkludert med omsyn til å dokumentere rutinar og prosessar, og med å klargjere ansvar og rollar.*
 - c) *Sikre at det er samsvar mellom rutinar og praksis knytt til godkjenning av fakturaer*
 - d) *Utarbeide retningslinjer knytt til bestilling og gjennomføring av reiser for å sikre ein lik praksis for dei tilsette*
7. *Fullfører etableringa av system og rutinar for gjennomføring av anskaffingar, og sikre at desse blir gjort i samsvar med krav i regelverket, og under dette:*
 - a) *Konkurranseekspone anskaffingar i samsvar med krav i regelverket*
 - b) *Dokumentere innkjøp i samsvar med krav i regelverket*
8. *Etablerer rutine for å dokumentere relasjonar mellom nærståande og eventuelle transaksjonar mellom desse*
9. *Sikrer at rutinar for vurdering av uavhengigkeit og habilitet i høve innkjøp er utfyllande*
10. *Gjennomfører planlagt opplæring av tilsette som gjer innkjøp*
11. *Fylkestinget ber også om at styret syter for at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har mynde til å gjennomføre selskapskontrollar, jf. kommunelova § 23-5.

Vurderingar og verknader

Av den godkjende prosjektplanen frå november 2019 går det fram at det skulle gå med slike ressursar til denne selskapskontrollen:

| | |
|---|-------------------|
| • Gjennomføring av selskapskontrollen Sogn og Fjordane 40 % | 104,0 timer |
| • Gjennomføring av selskapskontroll Hordaland 40 % | 104,0 timer |
| • <u>Gjennomføring av selskapskontrollen Rogaland 20 %</u> | <u>52,0 timer</u> |
| Total bestilling | 260,0 timer |

I tillegg til dette er det lagt inn ein opsjon på presentasjon for fylkestinget med inntil 6 timer per fylkesting.

Det har frå Deloitte si side ved fleire høve vore antyda at dei har brukt monaleg fleire timer enn det som ligg i godkjend prosjektplan. Dette skuldast at det viste seg undervegs i arbeidet at Deloitte har møtt på fleire utfordringar i denne selskapskontrollen enn det som er vanleg ved gjennomføring av selskapskontrollar. Dette skuldast m.a. den store merksemda på saka i media. I tillegg til dette vart det lagt opp til ein grundig presentasjon av revisjonsrapporten i fylkestinget 03.03.2020, som resulterte i eit høgt timeforbruk. På bakgrunn av dette har sekretariatet avtalt med Deloitte at dei skulle komme med eit notat til kontrollutvalet der dei gjer greie for det totale meirforbruket. Notatet er motteke og ligg ved.

I notatet vert dette summert opp slik:

«Det måtte gjerast eit betydeleg arbeid for å forstå og presentere historikk og bakgrunn for opprettิงa av Ferde. Det måtte også gjerast meir arbeid enn vanleg både med utarbeiding av rapport og presentasjon av denne for å sikre at all nødvendig informasjon kom med, samtidig som denne blei presentert på ein pedagogisk måte. Vi har ikke rekna inn timer som er nytta til internt arbeid og handtering og møte som gjeld Deloitte si rolle mv. Det er vår vurdering at dette er ein av dei mest komplekse selskapskontrollane som vi har gjennomført, der mange av vurderingane av kva som måtte undersøkast og kor mykje tid ein måtte bruke måtte takast undervegs.»

Til saman har det gått 509 timer til selskapskontrollen av Ferde AS. Dette er fordelt mellom kontrollutvala frå dei eigarfylkeskommunane som bestilte selskapskontrollen i samsvar med avtale.»

Sekretariatet har forståing for dei argumenta Deloitte har framført, og meiner at dei bør få godt gjort ekstra timeressursar i tråd med vedlagte notat, dvs. eit meirforbruk på totalt 249 timer. Av desse timane er det brukt 32 timer på presentasjon av revisjonsrapport for kontrollutvalet og fylkestinget i Vestland fylkeskommune og 9 timer på presentasjon av revisjonsrapporten for kontrollutvalet i Rogaland fylkeskommune. Vidare har det gått med 64 timer til prosjektarbeid og utarbeiding av foilsett for presentasjon i kontrollutvala. Dette vert delt likt mellom Rogaland fylkeskommune og Vestland fylkeskommune med 32 timer kvar. Det betyr at det utover dette i tillegg er 144 timer som skal fordelast mellom Rogaland fylkeskommune og Vestland fylkeskommune

Etter fordelingsnøkkelen som kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune vart samde om hausten 2019 vert fordelinga av timane slik:

Rogaland fylkeskommune

| | |
|--|-------------------|
| • Presentasjon av revisjonsrapport for kontrollutvalet | 9,0 timer |
| • Prosjektarbeid og utarbeiding av foilsett | 32,0 timer |
| • <u>Ekstra timer selskapskontrollen 20 % av 144 timer</u> | <u>28,8 timer</u> |
| Totalt ekstra Rogaland | 69,8 timer |

Vestland fylkeskommune

| | |
|--|--------------------|
| • Presentasjon av revisjonsrapport for kontrollutval og fylkesting | 32,0 timer |
| • Prosjektarbeid og utarbeiding av foilsett | 32,0 timer |
| • <u>Ekstra timer selskapskontrollen 80 % av 208 timer</u> | <u>115,2 timer</u> |
| Totalt ekstra Vestland | 179,2 timer |

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet godkjenner ein auke på 179,2 timer slik at den totale andel Vestland fylkeskommune skal dekke blir på 387,2 timer.

Avslutningsvis vert det og merka at det er sjeldan Deloitte har bede om tilleggsressursar ift. pågåande forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar, og det har vore gode grunnar dei få gongene det har skjedd.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune godkjenner ein auke på 179,2 timer slik at den totale andel Vestland fylkeskommune skal dekke blir på 387,2 timer.